



Det var god oppslutnad om tafikkøtet til Uskedal utvikling i skulen

Eit av dei problem som skulen og barnehagen no har er for liten plass til parkering og levering og henting av elevar. Det var ein av hovudsakane under trafikkisikringsmøtet i kveld. som hadde godt frammøte og var svært konstruktivt. Leiinga har freista å få elevane til å gå til skulen, men det har ikkje nytta. Løysinga må verta at dyrka mark vert disponert til føremålet.

Møtet hadde brei representasjon, til dømes av ein representant frå forbundet for sjåførane . Derimot vart det ikkje motteke med glede at Statens vegvesen meldte forfall i ellefte time fordi frammøtet ville vera i strid med rutinene.

Ein annan hovudsak var gjennomføring av fartsdempande tiltak og her gjekk tillitsmannen for sjåførane inn for å nytta fartsputar i staden for fartsdumpar. Putar er nytta fleire stader i landet med godt resultat, mellom anna i Lillehammer,



Får Uskedalen fleire slike?

Behovet for slike tiltak kom klart fram, til dømes frå ein oppsittar i området der vegen frå Beinavikjo kjem inn i fylkesvegen. Han var svært redd for ålvorlege kollisjonar. Her køyrer bilane opp i 80 kilometer.



Trafikken til og frå skulen treng meir plass

Også trafikktilhøva ved Korsnes var som venta i fokus og då ikkje berre behovet for ein undergang. Det er også viktig å montera lys frå

krysset og opp til bakketoppen. Men undergangen må komma snart. for det er grunn til å venta at Ospelunden etterkvart får 60 hus. Det er allereie no eit daglegdags syn at ungane flyg over vegen. Ellers var det semje om at dei 2-3 lysa på siste strekning opp til gardsbarnehagen må komma snart. Behovet for gang- og sykkelveg utover mot Steinsletto vart såvidt berørt og det vart også trafikken inn mot Skulebrua og parkeringa ved Grano.

Fleire av sakene som var oppe vil no verta fylgd opp, ikkje minst plassproblema ved skulen. Når det gjeld dump eller pute er det nok meir uvisst kva som eventuelt vert prioritert men det er i alle fall naturleg med ei kombinasjon med fartsreduksjon, seier ekspertane,

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen